



Årsmøte 2022

Førde volleyballklubb

Førde ungdomsskule, måndag 28. mars

Sakliste:

1. Konstituering
 - a. Godkjenning av innkalling og sakliste
 - b. val av møteleiar
 - c. val av referent
 - d. val av protokollunderskrivarar
2. Årsmeldingar for 2021
3. Rekeneskap for 2021
4. Andre saker
 - a. Kontingent og treningsavgift
5. Budsjett for 2022
6. val
 - a. Styre
 - b. utvalsmedlemmer
 - c. valnemnd og kontrollkomité



Sak 1: Konstituering

a. Godkjenning av innkalling og sakliste

- **Framlegg til vedtak:**
Innkallinga og sakliste vert godkjent.
- **Vedtak:** Innkallinga og sakliste vart godkjent.

b. Val av møteleiar

- **Framlegg til vedtak:**
Thomas Østerbø vert vald som møteleiar.
- **Vedtak:** Thomas Østerbø vart vald som møteleiar.

c. Val av referent

- **Framlegg til vedtak:**
Sissel Sande vert vald som referent.
- **Vedtak:** Sissel Sande vart vald som referent.

d. Val av protokollunderskrivarar

- **Framlegg til vedtak:** Thomas Haug og Oskar Raftevoll vert valde som protokollunderskrivarar.
- **Vedtak:** Thomas Haug og Oskar Raftevoll vart valde som protokollunderskrivarar.


Sak 2: Årsmelding 2021



Årsmeldingane frå styret, utvala i styret og dei ulike laga ligg føre i vedlegg 1.

- Jan Egil Tvinde refererte årsmeldinga frå styret
- Utvalsleiarane gjekk gjennom meldingane frå utvala.
- Trenarane/oppmenn gjekk gjennom årsmeldinga for sitt lag.

Styret har prøvt å organisere aktiviteten i klubben i tråd med årshjulet. Men på grunn av koronaparestriksjonar har ikkje det alltid lukkast. Vi vel likevel å ha årshjulet som eit utgangspunkt for drifta av klubben. Sjå elles årsmeldingane.



- **Framlegg til vedtak:** Årsmeldingane for 2021 vert tekne til vitande.

- **Vedtak:** Årsmeldingane for 2021 vart tekne til vitande.

Sak 3: Rekneskap for 2021

Rekneskap for 2021 og uttale frå revisor ligg føre i vedlegg 2.

Thomas Haug la fram rekneskapen og balansen pr. 31.12.-21 for klubben.

- **Framlegg til vedtak:** Rekneskapen for 2021 vert godkjent.
- **Vedtak:** Rekneskapen for 2021 vart godkjent.

Sak 4: Andre saker



a. Kontingent og treningsavgift

Styret foreslår å slutte med loddsalet og auke kontingenten med kr. 300,- for alle bortsett frå støttemedlemmar.

- Ordinær medlemskontingent er kr 100,- pr. pers. (uavhengig av barn/vaksen)
Medlemsskap i idrettslaget skal registrerast individuelt.

Gruppe	Treningsavgift til FVBK
Elite	4 200
1. divisjon	3 700
Lågare divisjonar, eldre senior	2 300
U19	3 200
U17	3 100
U15	2 400
Eldre minivolleyball	1 600
Yngre minivolleyball	1 300
Overgangs- og samarbeidsavtaler, elite/1.div.	1 300
Overgangs- og samarbeidsavtaler, andre lag	800
Støttemedlem	200

- Alle aktive spelarar betaler kontingent og treningsavgift til klubben.
- Faktura vert sendt ut i oktober – november.
- Kontingenten/avgifta dekker påmeldingsavgifter til turneringar.
- I tillegg må ein betale lisens til Norges volleyballforbund for å delta i turneringar og meisterskap.
- Treningar betaler halv treningsavgift for eigne barn.
- Kontingenten og treningsavgift gjeld i følgjande tidsrom:
 - Elite til aldersbestemte lag: 15. august til 1. mai
 - Minivolleyball: etter haustferien til påske
- **Framlegg til vedtak:** Styret sitt framlegg til kontingent og treningsavgift for 2022-2023 vert vedteke.
- **Vedtak:** Styret sitt framlegg til kontingent og treningsavgift for 2022-2023 vart vedteke.

Sak 5: Budsjett 2022, framlegg frå styret



Økonomiutvalet la fram forslag til budsjett for 2022.

- **Framlegg til vedtak:** Budsjettet for 2022 vert vedteke.
- **Vedtak:** Budsjettet for 2022 vart vedteke.

Sak 6: Val

a. Val av styre

Etter årsmøtet i 2021 konstituerte styret seg slik:

- Jan Egil Tvinde, leiar
- Thomas Østerbø, nestleiar
- Sissel Sande, styremedlem
- Anne Råheim Tveit, styremedlem
- Rune Fossum Lillesvangstu, styremedlem
- Espen Arefjord, styremedlem
- Laura Nyhammer, styremedlem
- Terje Olav Øen, varamedlem

Johan Kjerstad presenterte valnemnda sitt framlegg til nytt styre for 2022:

- | | | |
|----------------|--------------------------------------|-----------------------|
| • Leiar: | Thomas Østerbø | 1. år |
| • N. leiar: | Jan Ove Hafstad | 1.år igjen |
| • St. medlem: | Linn Grepstad Nes, medl. øk. utval | 2.år |
| • St.medlem: | Kristine Wallevik, medl. øk. utval | 2 år |
| • St.medlem: | Lene Majchrowicz, medl. admn. utval | 2 år |
| • St.medlem: | Johan K. Kjerstad, leiar. arr. utval | 1.år igjen rok. E. A. |
| • St.medlem: | Jan E. Tvinde, leiar sportsleg utval | 1.år igjen |
| • Vara styret: | Terje Olav Øen | 1.år |

- **Framlegg til vedtak:** Valnemnda sitt framlegg til leiar og nytt styre vert vedteke.
- **Vedtak:** Valnemnda sitt framlegg til leiar og nytt styre vart vedteke.

b. Val av utvalsmedlemmer



Oversikt over valnemnda si innstilling til dei ulike utvala i 2022:

- **Administrasjonsutval: Oppgåver:**
 - Laura Nyhammer
 - Lene Majchrowicz
 - Sissel Sande
- **Sportsleg utval: Oppgåver:**
 - Jan Egil Tvinde (leiar)
 - Jan Ove Hafstad
 - Rune Fossum Lillesvangstu
 - Frank Kalstad
 - Arne Eikeland
- **Økonomiutval: Oppgåver:**
 - Thomas Østerbø (leiar)
 - Kristine Wallevik
 - Linn Grepstad Nes
 - Jan Ove Hafstad
 - Anne Råheim Tveit
- **Arrangementsutval: Oppgåver:**
 - Johan Kjerstad (leiar)
 - Rune Morten Sande
 - Torill Faleide Gundersen
 - Aron Nagan Hjelle (datavolley)
 - Espen Arefjord (E-score)
- **Framlegg til vedtak:** Valnemnda sitt framlegg til nytt styre og utvalsmedlemmer vert vedteke.
- **Vedtak:** Valnemnda sitt framlegg til nytt styre og utvalsmedlemmer vart vedteke.

c. Val av valnemnd og kontrollkomité

Årsmøtet i 2021 gjorde slikt vedtak:

Johan Kjerstad, Elin Bruland og Helge Robert Midtbø vart valde til valnemnd og kontrollkomité.

Jan Egil Tvinde la fram styret sitt framlegg til valnemnd og kontrollkomité.

- Styret går inn for at valnemndsmedlemmar vert valde for 3 år. I to av desse er ein medlem, og i siste året er ein leiar av valnemnda. Dette sikrar kontinuitet i valnemnda.
- Styret si innstilling til valnemnd og kontrollkomité for 2022 vert presentert i møtet.
- **Framlegg til vedtak:** Styret sitt framlegg til valnemnd og kontrollkomité vert vedteke.
- **Vedtak:** Elin Bruland, Helge Robert Midtbø og Helge Eide vart valde til valnemnd og kontrollkomité.